

## **Retningslinjer for arbeidsmiljøgruppa (AMG), Askvoll sokn**

Vedteke sak FR 2014/75, 4. desember 2014.

### **1) Samansetjing og konstituering**

1-1 Arbeidsmiljøgruppa er sett saman av følgjande 3 medlemmer:

- Verneombod
- Kyrkjeverja
- Sokneprest

1-2 Arbeidsmiljøgruppa vert utnemnt/valt for to år av gangen.

1-3 Arbeidsmiljøgruppa konstituerer seg sjølv.

### **2) Hovudformål**

2-1 Arbeidsmiljøgruppa skal medverke til gjennomføring av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda, som inneber at gruppa skal ta del i planlegginga av verne-og miljøarbeidet og følgje nøye med utviklinga i spørsmål som gjeld arbeidstakarane si tryggleik, helse og velferd.

### **3) Oppgåver**

3-1 Sjå til at det er etablert og vedlikehelde eit systematiske helse-, miljø-og tryggleiksarbeid for verksemda.

3-2 Medansvar for

- velferdstiltak
- AKAN-ordning
- tiltak for eit inkluderande arbeidsliv
- introduksjon av nyttilsette

3-3 Uttale seg i spørsmål om opplæring, instruksjon og opplysningsverksemd i verksemda som har verknad på arbeidsmiljøet.

3-4 Uttale seg om planar som kan få vesentleg innverknad på arbeidsmiljøet, t.d. innkjøp av maskinar, rasjonalisering, arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak.

3-5 Gå gjennom alle rapportar om yrkessjukdommar, arbeidsulukker og tilløp til ulukker, samt prøve å finne årsak til ulukka eller sjukdommen og sjå til at arbeidsgivar treffer tiltak for å hindre gjentaking.

### **4) Arbeidsform og rapportering**

4-1 Arbeidsmiljøgruppa trer saman minimum ein gong i kvartalet, og elles så ofte det medlemmer av gruppa finn det nødvendig.

4-2 Arbeidsmiljøgruppa rapporterer til soknerådet.

### **5) Endring av retningslinjer**

5-1 Askvoll sokneråd kan gjere endringar i retningslinene.